
Høyringsfråsegn

Sak: Høyring av søknad om fornya konsesjon for Fortun-Grandfastareguleringane

Til: NVE og Luster kommune

Frå: Torunn Løne Vinje

Kopi:

Dato: 16.01.2018

Tema: fråsegn frå Stiftinga Ormelid gard

Stiftinga Ormelid gard

Stiftinga Ormelid gard er eigar av Ormelid gard – gbnr 1/1 i Luster. Stiftinga fekk heimel til garden i mars 2016, etter at førre eigarar – syskenparet Kjellaug og Erling Ormelid testamenterte garden til stiftinga.

Stiftinga sitt føremål er å ta vare på og forvalta Ormelid - med bygningar, inventar, lausøyre, kulturlandskap både heime og på stølane.

Stiftinga skal formidla Ormelid si historie, bu- og driftsform og landskap i eit heilskapleg perspektiv. Ormelid skal nyttast til kulturelle og ålmennyttige føremål og kultur- og naturbasert næringsverksemd med utgangspunkt i garden sine ressursar. Det skal etablerast ei driftsform som tek vare på artsmangfaldet i området.

Garden vart freda i 2011 – også etter ynskje frå Kjellaug og Erling Ormelid.

Status for Ormelid:

2009: Skjøtselsplan for kulturlandskapet Øvre Ormelid

2010: Truga naturtype – slåttemark (jfr forskrift)

August 2011: Freda i medhald av kulturminnelova 6 bygningar og 850 daa innmark og utmark

Mars 2016: Stiftinga Ormelid gard fekk heimel til garden

Mars 2017: Strategidokument – utvikling av eigedomen

Mai 2017: Utvalde kulturlandskap i jordbruket (jfr forskrift)

November 2017: Oppstart revisjon av skjøtselsplan

Vinter 2018: Oppstart forvaltningsplan

Mai 2018: Oppstart restaurering av stabbur og øvstestova – budsjett på vel 2,8 mill kr

2018: Oppstart av prosjektering av driftbygningen til m.a. utstillingslokale og diverse fasilitetar som kjøkken og overnatting.

Kort historikk:

Garden Ormelid er gjennom arkeologiske undersøkingar datert til om lag 2500 f. kr. og har truleg vore busett meir eller mindre permanent i heile denne perioden. Garden, med innmarka, er særst godt bevart og har bygningar som førebels er datert frå 1600-talet og frem til 1928. Ormelid er ein høgdagard som fortel om jordbruket i fjord – og dalstrøka på Vestlandet slik det var tilpassa landskapet under marginale ressurstilhøve. Garden er lite forstyrta av inngrep frå moderne utbygging, og det har vore drive tradisjonelt jordbruk heilt fram til 2000-talet. Delar av landskapet er undersøkt av arkeologar og har allereie vore ei god kjelde til ny kunnskap om landbruksdrift fleire tusen år tilbake. Dette arbeidet vill halda fram. Riksantikvaren har framheva spesielt bygningane i Ormelid saman med kulturlandskapet rundt desse og i tillegg heilskapen her og uttalt at dette har ein høg historisk kjeldeverdi. Basert på den høge graden av autensitet, tunet sin aldersverdi, miljøverdi og pedagogisk verdi gjer at heile tunet har stor nasjonal verdi.

Ein anna dimensjon som forsterkar det unike ved Ormelid, er garden sin sentrale plassering på den gamle ferdslavegen mellom Austlandet/Lom og Vestlandet/Skjolden. Denne ferdslavegen har truleg vore i bruk frå forhistorisk tid fram til slutten av 1800-talet. Øvstestova i Ormelid vart tidlegare kalla for Herberge. Truleg vart loftet over steinstova og kanskje eine rommet i stabburet òg brukt til dette formålet. I så fall fortel det litt om både omfang av ferdsel og kva kapasitet Ormelid hadde som overnattingsstad. I seinare tid har òg vegen blitt kartlagt med 40-50 mellomaldervardar, og dette er eit arbeid som vil halda fram.

Ormelid vart så freda i 2011. Fredinga omfattar dei 6 bygningane på tunet, og eit større område rundt (850 daa). Bakgrunnen for fredinga er å sikre enkeltbygningane, innbyrdes samanheng mellom bygningane og dei kulturhistoriske verdiane som er knytt til anlegget som heilskap.

Stiftinga Ormelid gard, som er eigar og forvaltar av Ormelid, har som føremål å ta vare på og forvalte Ormelid si unike historie, med den særeigne bu- og driftsforma garden representerer, og sikra at garden blir nytta til kulturelle og ålmennyttige føremål innanfor kultur- og naturbasert næringsverksemd.

Ormelid sin eigen fjellstøl – Stølsdalen – er utleigd til Den Norske Turistforeining. Når Ormelid får utbygd muligheter til å ta imot overnattingsturistar vil den gamle ferdavegen – sjå ovanfor – bli ei ny og attraktiv historisk rute gjennom fjellheimen.

I 2017 kom garden med i den nasjonale støtteordninga «*Utvalde kulturlandskap i jordbruket*». Ormelid har også ei av dei mest artsrike slåttengene på Vestlandet og har tidlegare kome med i den nasjonale støtteordninga «*Trua naturtype – slåttemark*».

Samla gjev dette Ormelid store opplevingskvalitetar som stiftinga ynskjer og formidla på ulike måtar. M.a. gjennom aktiv deltaking i arbeid på garden, besøk med overnatting og utstilling.

Etter overtakinga har stiftinga gjennom offentlege og private bidragsytarar motteke nær 4 mill kroner til arbeidet med vekt på restaurering av bygningar og kulturlandskapstiltak. Det er i same perioden utført vel 1300 dugnadstimar.

Viktige delar av Ormelid si historie er dokumentert gjennom det tverrfaglege forskningsprosjektet i regi av Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogndal «*Den tradisjonelle Vestlandsgården som kulturbiologisk system*».

Stiftinga har fått utarbeidd eit strategidokument som trekkjer opp utviklinga av eigedomen med bakgrunn i dei kulturhistoriske verdiane, og legg dette dokumentet til grunn for sitt arbeid i åra framover.

Fagrapportar frå Hydro

Det er ikkje fastsett utredningsprogram for søknaden. Dette gjer det krevjande å ta stilling til kva som manglar i fagrapportane. Uansett manglar fagrapporten omtale av dei kulturhistoriske verdiane i utbyggingsområdet.

Når det gjeld området Fortunsdalen/ Grandfasta-Ormelid – Storavatnet har det her vore ferdsel langs vassdraga tilbake til førehistorisk tid – og ferdselsvegane er å sjå som «hovudvegar».

Ferdsel og handel over fjellet mellom aust/vest har vore viktig i Luster opp i moderne tid.

Arkeologiske funn i samband med fonneundersøkingar blant anna i Oppland og Hordaland syner at dei kjende ferdslerutene mellom aust/vest var i bruk i førhistorisk tid. Det tyder på at dei kjende ferdslerutene og driftevegane i Luster truleg har stor tidsdjupne.

Forfattaren Vera Henriksen (1981), som budde i Lom, har skildra det slik; *“Det skal ha vore 7 varda ruter over fjellet mellom Lom og Fortun. Ein som er lite kjend i vår tid er, men som har vore mykje i bruk, særleg når isen låg på fjellvatna, tek opp Slampeløyfti frå Høydalen i Lom, over Liafjellet, som det vert kalla på Fortun-sida, via Storavatnet, Skålavatnet og Stølsvatnet til Løyfti i Luster der den går bratt ned i Fortunsdalen. Dette vart rekna som den kortaste overgangen. Dølane brukte han gjerne om dei måtte til Sogn for å kjøpa såkorn på vårparten etter eit dårleg kornår.”*

«Dølevegen», var ei hovudferdselsåre over fjellet til sist på 1800-talet. Dette var dølene sin veg når dei skulle til fjorden og henta varer som kom med båt frå kysten. Stiftinga si kjelde til denne kunnskapen var Erling Ormelid (død 2011).

Med bakgrunn i opplysingar frå Erling, har styremedlem i stiftinga – Torunn Løne Vinje – registrert mange vardar som stadfestar Dølevegen sin eksistens. Delar av strekkinga er neddemt ved Storavatnet. I tilknytning til denne «hovudvegen» finst det også andre kulturminne som hellarar, vardar og fangstanlegg i området.

Vintervegen gjekk over Storavatnet og i både «endar» bør ein kunna forventa å finna spor etter ferdsla. Like ved sørenden av vatnet ligg det største vardeanlegget langs vegen. Her var det overnatting innunder steinblokker og ein hellar på «utsida» av blokkene. Erling Ormelid fortalde at varden heiter Klovsteinsvarden sa at dette også var eit «herberge». Moldskredvatnet som ligg like i nærheita vart lokalt kalla «Klovsteinsvatnet» og hadde namnet sitt etter varden.

Sannsynlegheita for å finna kulturminne i området langs med Storavatnet er difor svært stor.

Med dei store førehistoriske funna som er gjort på Opplandssida av dette fjellområdet dei seinare år, indikerer dette at det også må finnast mykje på vestsida. Dette har m.a. samband med den store tidsdjupna i Ormelid-området og at ein i tillegg veit at busetjinga av dalføra i aust, skjedde frå vestsida.

Dølavegen kjem ned frå Ormelid ved Svendsøystølen og møter her den gamle ferdavegen frå Sota / Lundadalen i Skjåk via Nørdestedalen. I dette vegaskiftet ligg det interessante kulturminne tett inntil Fortunselva. Det er storslagne murar som kan ha vore brukt som innhegning for fedrifter som kom over fjellet og skulle vidare mot Årdal/Lærdal.

Stiftinga føreset at det vert gjort eit utfyllande arbeid med å dokumentera kulturminneverdiane i og langs vassdraga i dette fjellområdet, og viser m.a. til Oppland fylkeskommune sin uttale til saka og den komande uttalen frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Minstevassføring

Etter Fortun-Grandfasta-utbygginga kom det eit «paradigme-skifte» jfr krav om utgreiingar og vilkår for vasskraftutbyggingar. Ei av dei store endringane som kom var kravet om minstevassføring i elvane. Hadde utbygginga kome seinare vill mange ha fått gleda av å oppleva fossen og det buldrande vatnet i dette dramatiske landskapet. «Ormelid-fossen» i Grandfasta har ei registrert høgde på 571 meter. Dvs nr. 22 på lista over dei høgaste fossane i landet og 72 på lista over dei høgaste i verda.

På 1980-talet vart det bygd traktorveg opp til Ormelid. Vegen er bratt, smal og utan møteplassar og skal berre nyttast i samband med drifta av dei to gardane Nedrelid og Ormelid. Stiftinga legg opp til at besøkjande til garden og dei som skal vidare oppover til stølane og fjellområdet innafor skal gå opp. Oppløvinga av det fossande vatnet vil gje ein ekstra dimensjon av dei kvalitetane Ormelid har. Dette gjeld ulike sansar som:

- Synet – av vatn som fossar og renn i elva mellom dei stupbratte fjellsidene
- Lydane – frå det rennande og fossande vatnet
- Luktene – ved auka fuktigheit i området
- Oppløvingar av dramatikken i landskapet.

Dette er ein V-dal med høge fjell og med ei viss minstevassføring sumarhalvåret vil dette vera av stor verdi besøkjande og turgåarar som etter kvart tek seg opp i dette fjellområdet. Elva og fossen vil vera synleg frå store delar av området frå Fortunsdalen til Løyfti.

Stiftinga har ei overordna oppgåve å sjå garden i samanheng med dei store landskapsformene i området. Grandfasta med minstevassføring sumarhalvåret i perioden mai – oktober vil ha ein betydeleg verdi for dei som etter kvart tek turen til Ormelid og vidare oppover til stølane.

Stiftinga Ormelid gard legg difor vekt på at det også for Grandfasta vert sett vilkår om minstevassføring i sumarhalvåret.



Torodd Urnes - styreleiar

Torunn Løne Vinje
Styremedlem og skrivar
Tlf 95 41 40 45